



## PROSEDYRE FOR Å HANDTERE AVVIK

### HENSIKT

Formålet med denne prosedyra er å beskrive korleis NLT Sunnfjord registrerar, behandler og følgjer opp kritikkverdige/ulovlege forhold.

### ANSVAR OG MYNDIGHEIT

Dagleg leiar har ansvar for at arbeidsmiljøet i NLT Sunnfjord i er samsvar med HMS lovgjevningen. Medlemmane/andre som vi lønner for har ansvar for HMS på eigen gard/bedrift, dei har signert eige skriv ang. dette.

Dagleg leiar har ansvar for at avvik i arbeidsmiljøet blir lukka.

### DEFINISJONAR

Med kritikkverdige forhold meinast forhold som ikkje klart kan seiast å være i strid med lov eller forskrift, men som er uakseptable i forhold til alminneleg skjønn og arbeidstakarens arbeidsforhold. Med ulovlege forhold meinast forhold i strid med gjeldande lover og HMS forskrifter. Avvik vert brukt som begrep når arbeidsopplegg, bruk av verneutstyr, sikringsiltak m.m ikkje er som forutsatt. Både kritikkverdige og ulovlege forhold benevnast som avvik. Nødvendige tiltak for å «lukke» eit avvik skal registrerast på eige skjema, med tidsfrist og ansvarleg person. Sjå vedlegg

Alle saker skal prøvast løyst på så lavt nivå som mogeleg. Dersom ein tilsett får problem med arbeidsmiljøet på eit gardsbruk, og ikkje sjølv kan rette på feilen/mangelen, skal han straks underrette bonden. Dersom bonden ikkje set i verk tiltak for å avverje faren, tek avløysaren kontakt med NLT Sunnfjord/verneombodet.

### Saksgang ved registrert avvik:

Kopi av skjema sendast alltid dagleg leiar som avsluttar saka når nødvendige handlingar er føretekte, og alle involverte er informert. NLT Sunnfjord vil informere og jobbe for å unngå fleire slike avvik.

- 1. Ansatte:** avløysar/landbruksvikar, ansatt i anna næring
- 2. Næraste leiar:** bonde/bedriftsleiar
- 3. Dagleg leiar:** Kari Stokkebekk
- 4. Verneombud:** Jonny Lofnes

### DOKUMENTREFERANSAR

Arbeidsmiljølova

### VEDLEGG

Skjema for registrering og oppfølging av avvik

Førde 15.04.15

Kari Stokkebekk  
Dagleg leiar

Jonny Lofnes  
Verneombud